



Øystein Kvamme  
Storsteinen 13 A  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/247 - 19/9402

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:  
19.03.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 134/352 Hilland

Tiltak: terrasse  
Byggjestad: Gbnr: 134/352  
Tiltakshavar: Øystein Kvamme

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.01.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn eit avstandssamtykke, der nabo på gbnr 134/468 samtykkar til plassering nærare nabogrense enn 4 meter, jf. Plan- og bygningslova § 29-4 tredje ledd bokstav a). Samtykket som er gitt i nabovarslinga er ikkje tilstrekkeleg får at kommune kan godkjenne tiltaket nærare enn 4 meter i frå nabogrensa.

I eit gyldig samtykke må det gå fram kva eigedommar samtykket gjeld, kva minsteavstand det blir gitt samtykke til og signatur frå nabo som gir samtykket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 09.04.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eirik Berntsen  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Øystein Kvamme, Øystein Kvamme    Storsteinen 13 A    5911

ALVERSUND